

Sak 04-26 STRENGARE UTSLEPPSKRAV OG ØNSKJE OM VEKST – ER DET MOGELEG?**Bakgrunn:**

Vassførekomsten Krøderen har fått endra tilstand frå god til moderat, med bakgrunn i auke i fosforbelastning. Dette utløyser strengare utsleppskrav (etter Vassforskrifta) frå statsforvaltar, særleg knytt til forbod mot forverring og krav om å nå miljømål for vassdraget innan 2033. Gjeldande lovverk, trådde i kraft i 2007, og er såleis ikkje nytt, men me opplever no ei strengare praktisering av lovverket som kan få innverknad på utbygging og utvikling i Hallingdal.

Statsforvaltar har etter vassforskrifta i ikkje er høve til å godkjenne nye tiltak som:

- fører til forverring av tilstanden i ein vassførekomst, eller
- gjer det vanskelegare å nå fastsette miljømål

Hallingdal står samla ovanfor utfordringar knytt til framtidig utvikling, særleg der nye utslepp eller auka belastning kan påverke Krøderen.

I denne saka skal Hallingtinget få faginformatjon om utfordringsbilete, få ein status på kva som er situasjonen og kva som er gjort politisk og så skal me få presentert og drøfta forslag til mogeleg strategi for å løyse utfordringa

Vurdering

Saka inneheldt viktige prinsipielle spørsmål om miljømål, regionalt samarbeid og framtidig handlingsrom for utvikling. Eit sentralt tema for vidare arbeid vil vere å avklare handlingsrommet innanfor vassforskrifta, med mål om å unngå uheldige konsekvensar for samfunns- og næringsutvikling – og sikre at miljømåla for Krøderen blir nådd innan 2033. Me foreslår ei regional og koordinert innsats, der kommunane, Regionråd, KAV og andre (jordbruk og næringsliv) samarbeider tett og sikrar at tiltak dreg i same retning.

For å hindre konsekvensar for vidare utvikling i regionen, inkludert avgrensingar i utbygging og i ytterste konsekvens byggestopp, må me vurdere vurderer den samla belastning på vassdraget og vurdere kva avbøtande tiltak som er nødvendige. Her må fag og politikk jobbe saman

Forslag til vedtak

1. Hallingtinget sluttar seg til ei regional og systematisk tilnærming der målet er å oppretthalde utvikling i Hallingdal samstundes med at ein jobbar for å miljømåla for Krøderen.
2. Arbeidet blir koordinert av regionrådsadministrasjonen i samarbeid med KAV Hallingdal og kommunane og blir følgt opp politisk frå Regionrådet.

Hallingdal, 15. april 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar